



4.-6.klasse: kl.18.00-20.00
7.klasse og oppover: kl.20.00-23.00

Då er vi i gang med årets sesong og her kjem vaktlister fram til jul. Vi legg opp til to vaktperiodar pr. kveld: kl.18.00-20.00 og 20.00-23.00 (**merk utvida tider på sesongavslutninga**)

Utgangspunktet i år har vore at alle familiar vert sett opp på 2-3 vakter pr. sesong. For at det skal bli mogeleg er det viktig at alle er med å bidreg! Håper de er positive til å stille på!

Visst du ikkje har høve, er det fint om de bytter dykk i mellom. Om det ikkje går, ber vi deg om å gje beskjed til: Gro Larsen Hjelle tlf. 90619713. Det er fint om du kan gje beskjed om alternativ dag du kan stille allereie ved forfall. Vi vil sende ut ei påminning om vakta di pr. sms dagen før.

Det er sett opp nokre ansvarlege som har ansvar kvar sin fredag. Dei vil låse opp og organisere dei som kjem på dugnad, og er tilstade heile kvelden. Gjertrud Støyyva har ansvar på kjøkkenet og vil vere der kvar fredag.

GENERELLE REGLAR FOR IDK

- Alle stiller i joggebukser/treningstøy
- Vi oppfordrar til å la mobilen ligge att heime eller i lomma. Bruk tida til å hygge deg saman med venene dine.
- Det er ikkje lov med mat/drikke i gymsalen eller gangen utanfor.
- Det er ikkje tillate med røyk/snus/alkohol under IDK

SÆRSKILTE REGLAR FOR DEN YNGSTE GRUPPA (4-6.klasse)

- Vi ynskjer at alle møter til kl.18.00 for felles samling og informasjon oppe i stadionbygget
- Ein skal vere på området ved stadionbygget/skulen, det er ikkje lov å gå i sentrum (foreldre vert kontakta om dette vert gjort).
- Det er ikkje lov med medbrakt godteri/brus etc.

Vaktene kan ta kontakt med heimen om det oppstår uønska hendingar. Snakk gjerne om reglane heime.

Ein skal ikkje plage andre, ein skal vere grei og snill, og for øvrig kan ein gjere kva ein vill!

VAKSENROLLA PÅ IDK

- Ein samlar seg ved start av vakt og går gjennom reglar og fordeler seg på området (i stadionbygget, i gymsalen og på uteområdet).
- Dei vaksne rullerer og ser til at barna/ungdomen
 - -er i god aktivitet/leik/samspel, ev hjelper dei i gong
 - -held eit særskilt auge til om nokon er utanfor
 - -rullerer på utstyr slik at alle får prøve (t.d. x-boxen).
- Sjekk at dører som skal vere låst på skulebygget er det (t.d. dører opp og inn til garderobar/basseng).
- Hjelp til og sjå til at alle ryddar opp etter seg.
- Få alt på plass i gymsal før IDK stenger (sjå plakat om kvar utstyret skal vere)
- Vere gode førebilete